

<b>Sak</b>	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: <a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> Innsending etter 01.01.17: <a href="mailto:post@hvl.no">post@hvl.no</a>
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda.  Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamentar, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
<b>Kapittel 4</b>	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane.  Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom  a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?  b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
<b>Kapittel 5</b>	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?
<b>Kapittel 6</b>	Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.  Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.
<b>Ansvarlig</b>	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
<b>Utsending</b>	Programsekretariatet

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Norsk Tjenestemannslag Høgskolen Stord/Haugesund (NTL HSH)
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Medlemsmøte og styremøte i NTL HSH
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 4</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov <b>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</b> <ol style="list-style-type: none"> <li><b>a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</b></li> <li><b>b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?</b></li> </ol> <p>Modell 1 legg til rette for betre å kunne utnytte administrative ressursar på tvers av fakulteta ved at det er betre lagt til rette for å kunne standardisere tenester. Dette fordi tenester som skal utførast i to eller fleire fakultet er organisert i fellestenester. Dette vil også kunne redusere sårbarheit.</p> <p>I modell 1 vil ein i større grad få samla personal-, økonomi- og fagansvar knytt til administrative tenester, mens det i modell 2 vil måtte vera delt for enkelte adm. funksjonar på fakultetsnivå dersom ein ynskjer noko form for standardisering av tenester på tvers av fakultet. Konflikhtar mellom personal- og fagansvar vil kunne føre til dårlegare samhandling og entusiasme blant dei tilsette, som er noko den nye organisasjonen treng for å lukkast. Samla personal-, økonomi- og fagansvar i fellestenester aukar også moglegheitene for at tilsette i like funksjonar vil kunna få dei same moglegheitene for fagleg utvikling uavhengig av fakultet.</p> <p>Eit av momenta som har vore framheva som positivt ved fusjonen er større fagmiljø, og at dette vil kunne føre til betre kvalitet. Administrativt tilsette utøver også sine fag, og vil også kunne dra nytte av større</p>

	<p>fagmiljø. Modell 1 legg i større grad til rette for dette, mens modell 2 fragmenterer enkelte administrative fagmiljø.</p> <p>Organiseringa i modell 1 krev at kommunikasjon/samhandling mellom fellestenester og fakultet er god. Dette kan ein få til ved at tilsette i fellestenestene er dediserte inn mot ulike fakultet. Dette kan for eksempel vera dediserte team. Fakulteta må vite kven dei har som sine kontaktar i fellesadministrasjonen, og administrativt tilsette må delta/bli tatt med på relevante aktivitetar i fakulteta. På denne måten vil ein kunne få til ei tett kopling mellom fellesadministrasjon og fakultet.</p> <p>I modell 1 vil også dei tilsette som er dedisert inn mot fakultet kunne være med på utvikling av system som skal gjelde for fakultet/institusjon. I modell 2 vil det være tilsatte med mindre tilknytning og kjennskap til fakultetene som utvikler disse systemene.</p> <p>Det må komme tydelegare fram i modell 1 at det er dediserte og kompetente personar som arbeider direkte inn mot fakultetet i tråd med fakultetets behov.</p> <p>Eit skilje som kan vera viktig å få fram i denne samanheng er at dette er fellestenester og ikkje sentraladministrasjon.</p> <p><b>Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?</b></p> <p>HVL bør opprette ei eiga stilling knytt til områda likestilling, inkludering og diskriminering i HVL. Det vil kunna vera svært nyttig for HVL å ha ei stilling som kan ha fokus på disse områda ved bygging av den nye organisasjonen. Denne stillinga kan vera knytt opp mot råd/utval for likestilling, inkludering og diskriminering.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><b>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)</b></p> <p>Begge modellane vil kunne støtte opp om den faglege verksemda, men modell 1 vil i større grad kunne tilby tenester etter behov. Behov vil for eksempel kunne variere med storleiken på fakulteta. I modell 1 vil fysisk nærvær også kunne vera enklare å få til dersom ein vurderer det som ønskeleg på fleire studiestader. Fysisk nærvær av adm. funksjonar vil av mange bli sett på som noko positivt.</p>

	<p><b>Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?</b></p> <p>Modell 1 med størst fokus på fellestenester vil kunna støtta betre opp om likebehandling av studentar og tilsette, då modell 1 gjev auka moglegheit for å standardisere tenestene som vert tilbydt. Modell 1 gjev også størst moglegheit for fleksibilitet knytt til varierende behov for tenester, og dermed moglegheit til å halda kvaliteten på tenestene på eit jamt nivå.</p>
<p><b>Kap 6</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><b>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</b></p> <p><b>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</b></p> <p>Premiss for korleis samhandling mellom fakultet og administrative ressursar frå fellesadministrasjonen i modell 1 skal skje.</p>
<p>Andre merknader</p>	<p>«<b>Leveranse 1:</b> Delprosjektet utarbeider eit diskusjonsgrunnlag som inneheld:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>o Forslag til prinsipp for organisering av den administrative verksemda</li> <li>o Skildring av ulike modellar for organisering av den administrative verksemda ved den nye høgskulen, samt vurdering av styrker og svakheiter ved desse</li> </ul> <p>Diskusjonsgrunnlaget vert handsama i styringsgruppa og i samrådsmøte. Det bør og leggst opp til brei medverknad og moglegheiter for innspel frå tilsette gjennom høyringsmøte. <b>Diskusjonsgrunnlaget går som drøftingssak til interimsstyret, som kan foreta vegval for det vidare arbeidet i delprosjektet.»</b></p> <p>Dette diskusjonsgrunnlaget (altså leveranse 1) som er av meir prinsipiell art, har ikkje blitt forelagt styret slik det er lagt opp til, og delprosjektet har dermed hoppa bukk over eit viktig steg i prosessen. Leveranse 1 har berre blitt handsama av styringsgruppa som igjen har lagt premissa for det vidare arbeidet med leveranse 2 (rapporten som er på høyring). Styret får dermed ikkje ta del i den prinsipielle diskusjonen rundt administrativ organisering eller lagt rammene for utarbeiding av modellane, og får saka til handsaming kun som vedtakssak i februar møtet. Dei andre prosjekta har lagt opp til fleire handsamingar i styret (først drøfting og så vedtak) er det dette som bør bli lagt opp til i dette delprosjektet og. Ettersom vedtak av modell for leiing og fagleg</p>

organisering (som skal ligge eit hakk føre administrativ organisering) no er utsett, kan det vere eit forslag å utsette vedtak på administrativ organisering og. Ei drøftingssak som skildra under leveranse 1 bør føreleggast styret på februar møtet, og ei vedtakssak i møtet i mars.

HVL er no inn i ein prosess kor organisasjonen skal byggjast, og det er vanskeleg å sjå for seg korleis alt blir til slutt med tanke på den faglege organiseringa. Arbeidet med universitetsambisjonen vil også kunne påverke behovet for administrative funksjonar. Dei adm. funksjonane, av lik karakter, som vert lagt på fakultetsnivå vil vera krevjande å endra på i ettertid. Det synes derfor som ein betre framgangsmåte å evt. starte med modell 1, og evaluere denne etter nokre år for å sjå korleis det fungerer. Ein vil då også i større grad korleis den faglege organiseringa faktisk er.

Ved at for mykje myndighet blir overført til fakulteta kan det etter kvart oppstå tre (fire) institusjonar i HVL Dette kan føre til at HVL mister sin identitet, institusjonens strategiske avgjersler kan være vanskelig å gjennomføre og ein kan mista styring på institusjonsnivå.

Side 15; to første avsnitt. Her antek ein at saksbehandling kan utføres meir effektivt på fakultetsnivå enn institusjonsnivå og at saker må gå gjennom fleire nivå om saksbehandlar er på institusjonsnivå? Fakulteta kan ha sine dediserte personer utan å ha personalansvar. Premissa for dette kjem ikkje godt nok fram i rapporten.